

## **Landbruksfagrådet i Austrheim – Årsmelding 2014**

Landbruksfagrådet vart oppretta ved kommunestyrevedtak i 2003 som oppfølging av tiltaksdelen i landbruksplanen. Vedtekter vart vedteke i kommunestyret i 2004. Medlemene (5 stk) med personlege vara vert valde av kommunestyret, bondelaget, landbrukskvinnelaget, saualslaget og viltfagrådet. Rådet skal arbeida med gjennomføring av handlingsdelen av landbruksplanen og vera rådgjevande for kommunestyret i landbruksrelaterte saker. Den kommunale landbruksforvaltninga skal vera sekretariat. Rådet skal leggja fram årsmelding.

For perioden 2011 - 2015 har rådet følgjande medlemar:

Medlem	Vara
Austrheim kommune Asbjørn Brandtun – leiar	David Ludvigsen
Landbrukskvinnelaget Linda Syslak - nestleiar	Svanhild Neteland
Bondelaget Jan Ove Arnø	Knut Daae
Sualslaget Reidar Øksnes	Tomas Lerøy
Viltfagrådet Øyvind Ullestad	Johnny Fonnes

Hausten 2014 har landbruksfagrådet invitert unge bønder i Austrheim til å ta del å møta i landbruksfagrådet: Per-Kristian Austrheim Løvmo, Robert Hjertås

### **Tema på dagsorden:**

- Landbruksfagrådet har vore pådrivarar for å få avsett midlar på Austrheim kommune sitt budsjett øyremerka til tiltak i landbruket. Det var avsett 400 000 kr i 2014. Alle midlane er løyvd.
- Ope møte i Austrheim (16.01.2014) med tema:
  - A) mogleg utviding av felles landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy med Lindås, Meland og Modalen
  - B) samt bruken av midlar avsett til tiltak i landbruket i Austrheim
- Innspel til samfunnsdelen i kommuneplanen for 2014 – 2024
- Rekruttering til landbruket i Austrheim
- Val av representant frå landbruksfagrådet til Nordhordland næringshage
- Høyring på framlegg om fjerning av konsesjonslova og oppheving av buplikta
- Skogdag ( 15.03.2014)

### **Saker som landbruksfagrådet har arbeidd med:**

Landbruksfagrådet har hatt 4 møte og handsama 40 saker i 2014

### **Bruk av midlar til kulturlandskapet – SMIL m.m.**

Kommunen får tildelt statlege midlar (SMIL = spesielle miljøtiltak i landbrukets kulturlandskap) til fordeling til aktive bønder som gjer særskilt innsats for kulturlandskapet. For 2013 fekk kommunen tildelt kr 80.000. (Det er laga eigen rapport om bruken av midlane.)

Det var avsett 400 000 kr i budsjettet til Austrheim kommune i 2014 til tiltak i landbruket. Alle midlane er løyvd.

Landbruksdagen vart skipa første gong i 2008, og har vore skipa årleg sidan den gong. Det er landbrukskvinnelaget og saualslaget som står bak, men mange andre lag og organisasjonar deltek. I 2013 var kåringssjået under landbruksdagen det største kåringssjået i landet. Det var det også i 2014. Kommunen har støtta opp med midlar til skipinga av landbrukdagen.

Landbruksdagen er ei viktig tilskiping for både fagleg og sosialt miljø i landbruket for heile Nordhordland. Det er ein enorm dugnadsinnsats som vert lagt ned for å kunne gjennomføre landbruksdagen. Det var 2000 menneske som besøkte landbruksdagen 2014.

#### **Felles landbrukskontor**

Lindås, Meland og Modalen har ynskt seg inn i felles landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy. Planane om å utvide felles landbrukskontor vart avslutta i 2014 utan at fleire kommunar vart med i felles landbrukskontor.

#### **Litt om landbruket og utviklinga i Austrheim:**

	1975	1985	1995	2000	2009	2010	2014	2015
Tal bruk i drift	84	?	97	57	25	28	28	30
Bruk i drift med mjølkekyr	35	18	12	10	5	5	4	4
Jordbruksareal i drift	5232	5022	5070	4328	4835			
Tal mjølkekyr	199	225	187	173	78	75		
Tal ammekyr					55	75		
Andre storfe	318	467	437	373	206	208		
Vinterfora sau	568	1711	1205	1430	896	985		
Utegangarsau					136	168		

#### **Husdyr, etter region, husdyrslag, tid og statistikkvariabel**

Tal husdyr	1969	1979	1989	1999	2002	2005	2008	2011	2013
<b>Storfe i alt</b>	862	660	575	551	611	449	357	457	492
<b>Kyr i alt</b>	404	250	224	205	198	144	133	181	190
<b>Mjølkekyr</b>	:	:	:	166	153	112	77	41	47
<b>Ammekyr</b>	:	:	:	39	45	32	56	140	143
<b>Andre storfe</b>	458	410	351	346	413	305	224	276	302
<b>Sauer over 1 år</b>	1 045	1 169	1 376	1 274	1 055	840	915	1 099	1 042
<b>Alssvin</b>	0	0	0	0	0	0	0	0	0
<b>Høner</b>	2 929	2 800	2 180	2 724	:	0	0	:	0

#### **Fotnote(r):**

Tegnet : betyr at tall kan ikke offentliggjøres. Før 1999: Omfatter jordbruksbedrifter med minst 5 dekar jordbruksareal i drift. F.o.m. 1999: Omfatter også jordbruksbedrifter med mindre enn 5 dekar jordbruksareal i drift, i hovedsak samdrifter og hagebruk.

På vegne av landbruksfagrådet

Toril M Mulen